



[PRESSEMELDING]

14. august 2009

## **NY TID FOR KOLLEKTIVTRAFIKKEN I NORDHORDLAND**

**16. august i år overtek Skyss ansvaret for kollektivtransporten i Nordhordland. For innbyggjarane i Meland, Radøy, Lindås, Austrheim, Masfjorden og Fedje betyr dette langt meir enn at bussen får ein ny logo.**

Overtakinga er i første omgang eit grep for å løyse dei framtidige samferdselsutfordringane Nordhordland har som region. Men det inneber og at Nordhordland blir del av kollektivfylket Hordaland, der det er Skyss som vil ha ansvar for at tilbodet svarar til dei reisande sine behov.

### **Prioriterer skule- og arbeidsreiser**

I samband med overtakinga vert enkelte justeringar i rutetilbodet. Endringane gjeld alle typar reiser, men Skyss har jobba særskilt med rutene som nyttast i samband med reise til skule og arbeid. Dette er gjort i tett samarbeid med dei reisande sjølve, og ikkje minst saman med sjåførar og reisande. Det har ført til betre tilpassa ruter og endringar for å sikre at sjåførane skal kunne halde rutene slik dei er meint.– No er det viktig at reisande sjekkar sine ruter og gjer seg kjende med endringane, slik at ingen kjem for seint til bussen, seier direktør Oddmund Sylta i Skyss.

### **Nytt materiell**

Den mest merkbare konsekvensen av overtakinga vert kan hende alle dei nye bussane som kjem til å rulle på vegane i distriktet frå og med 16. august. – Passasjerane vil mellom anna få bussar som er betre tilrettelagt for alle brukargrupper enn det som er tilfelle i dag, seier Sylta. Luftkvaliteten vert sikra av klimaanlegg med pollenfilter, og det vert lagt opp til å ha to integrerte barnesete i kvar buss. Eit utval av bussane er tilrettelagt for at mellom anna rullestolbrukarar og reisande med barnevogner skal få det enklare. Sist, men ikkje minst tilfredsstillar dei nye bussane dei strengaste miljøkrava ein har i dag.

### **Vil ha tilbakemeldingar**

– Vi kan ikkje bli betre utan at vi får tilbakemeldingar på forhold som ikkje fungerer godt nok. Vi ber derfor publikum om å vere ekstra merksame og gi oss melding dersom det er noko som ikkje er som det skal. Får vi vite om avvik som vi kan gjere noko med, så lovar vi at dette skal rettast snarast råd, seier Sylta.

Det er lagt ut detaljert informasjon om endringane på [skyss.no](http://skyss.no).

For ytterlegare informasjon, kontakt:

- Direktør Oddmund Sylta: 932 30 401
- Marknadssjef Målfrid Vik Sønstabø: 916 53 176